

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.11.2020

Rosalind Fosse, FrP, sette fram slikt forslag:

«Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vitande.»

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, A, SP, SV og KrF fram slikt forslag:

«Endringsforslag til vedtakspunkt 1 og 3»

1. Fylkestinget vil tilby elevar og tilsette eit ernæringsmessig godt og variert kantinetilbod. Fylkestinget oppfordrar derfor kantinene til å avgrense sal av sukkerhaldige varer i kantinene, og erstatte dei med sunne alternativ der det er mogleg.
3. Fylkestinget er positive til pilotprosjektet om auka bruk av økologisk, kortreist og berekraftig mat gjennom samarbeidet med Matvalet. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med status for arbeidet og forslag til eventuell utviding av prosjektet i 2022.»

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, A, SP, SV og KrF fram slikt tilleggsforslag:

«Nytt vedtaksunkt

6. Fylkestinget går inn for at det alltid skal vere fullverdige vegetariske og veganske matalternativ i kantinene til fylkeskommunen si verksemnd.
7. Fylkestinget forutset at arbeidet med å redusere matsvinn i fylkeskommunal verksemnd held fram og har høg prioritert.
8. Vestland fylke er landskap som er prega av matproduksjon. Kortreiste råvarer som bidreg til å halda landskapet i hevd og auka etterspurnaden bør prioriterast i ulike menyar ved kanitinene i fylkeskommunen.
9. Fylkestinget ønsker at det blir samarbeida med dei private kantinane for at desse vedtaka også skal gjennomførast der. Fylkestinget legg til grunn at desse krava skal gjelde ved framtidige avtalar med private kantinedriftarar.»

Avrøysting

Fosse sitt forslag fekk 5 røyster (FNB, FrP og H) og fall.

Innstillinga punkt 1 og punkt 3 fekk inga røyster og fall.

Innstillinga punkt 2, 4 og 5 vart vedteke mot 2 røyster (FrP og FNB).

Tomren sitt forslag om endringsforslag til vedtakspunkt 1 og 3 vart vedteke mot 4 røyster. (H og FrP)

Tomren sitt tilleggsforslag vart vedteke mot 5 røyster (FNB, FrP og H)

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vil tilby elevar og tilsette eit ernæringsmessig godt og variert kantinetilbod. Fylkestinget oppfordrar derfor kantinene til å avgrense sal av sukkerhaldige varer i kantinene, og erstatte dei med sunne alternativ der det er mogleg.
2. Fylkestinget er positive til pilotprosjektet om auka bruk av sjømat og frukt og grønt ved at samarbeidet med Fiskespell vert utvida til å omfatte kantinene ved dei vidaregåande skulane og i fylkesadministrasjonen.
3. Fylkestinget er positive til pilotprosjektet om auka bruk av økologisk, kortreist og berekraftig mat gjennom samarbeidet med Matvalet. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med status for arbeidet og forslag til eventuell utviding av prosjektet i 2022.»

4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gje årleg status for målet om 15 % økologisk mat i kantinene ved skulane og i fylkesadministrasjonen. Tilbodet om vegetariske måltid bør over tid trappast opp.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen i samarbeid med bedriftshelsetenesta leggje til rette for auka kunnskap om eit sunt og ernæringsmessig godt kosthald blant alle tilsette.
6. Fylkestinget går inn for at det alltid skal vere fullverdige vegetariske og veganske matalternativ i kantinene til fylkeskommunen si verksemd.
7. Fylkestinget forutset at arbeidet med å redusere matsvinn i fylkeskommunal verksemd held fram og har høg prioritert.
8. Vestland fylke er landskap som er prega av matproduksjon. Kortreiste råvarer som bidreg til å halda landskapet i hevd og auka etterspurnaden bør prioriterast i ulike menyar ved kanitinene i fylkeskommunen.
9. Fylkestinget ønsker at det blir samarbeida med dei private kantinane for at desse vedtaka også skal gjennomførast der. Fylkestinget legg til grunn at desse krava skal gjelde ved framtidige avtalar med private kantinedriftarar